

Møtereferat

Dato: 26.03.2015

Emne:	AU til kontaktutval for E39 Hordfast - Referat frå møte 24. mars 2015	
Til stades:	Tom-Christer Nilsen (leiar) Henning Warloe Sveinung Valle Gustav Bahus Elise Dāvøy (for Roger Pilskog) Signe Eikenes Christine Ravndal Nilsen Thorbjørn Aarethun Matti Torgersen (ref)	
Forfall:	Terje Søviknes Kjetil Hestad Wenche Tislevoll Liv Kari Eskeland	Sak: 2014/15115-41
Møtetid:	24. mars kl. 10.00 – 11.15	Møtestad: Fylkeshuset

Bakgrunnen for møtet var at det i BA 18. mars vart slått opp at Hordfast kan bli utsett i forhold til statsminister Erna Solberg si forventning om oppstart i 2018.

Den vidare planprosessen for E39 Stord-Os vart informert om og drøfta. Statens vegvesen legg opp til å sende utkast til planprogram på høyring i starten av mai 2015 med frist 30. juni, under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som er ansvarleg plandepartement. Utkastet til planprogram skal drøftast med departementet 8. april. Møte i ekstern referansegruppe vert 9. april på Stord.

Utkast til statleg plan på kommunedelplannivå for E39 er forventa sendt på høyring med frist i september 2016. Planen kan då bli godkjend av Kommunal- og moderniseringsdepartementet tidleg i 2017.

Vidare planframdrift vart drøfta. Det tradisjonelle planløpet legg opp til at statleg plan på kommunedelplannivå blir etterfylgt av ein reguleringsplan som igjen dannar grunnlag for KS2 og handsaming i Stortinget. Deretter må arbeidet prosjekterast før grunnverv og utarbeiding av konkurransegrunnlag.

Eit slikt planløp inneber i følgje SVV byggestart tidlegast i 2019 om planprosessen går optimalt, m.a. at det ikkje blir dødpunkt i planlegginga, og at det er ein god samhandling. Det er til ein viss grad mogleg med overlappende planfaser, t.d. at ein starter arbeid med prosjektering, grunnverv og konkurransegrunnlag før KS2 og handsaming i Stortinget.

Eit alternativt planløp vart drøfta. Dette kan vere å gjennomføre KS2 etter godkjent statleg plan på kommuneplannivå. Med dette er det mogleg å bruke konkurranseprega dialog, slik at ein inngår ein tidleg kontrakt med entreprenør for utvikling og bygging av dei større konstruksjonane. Dette kan skje parallelt med gjennomføring av statleg reguleringsplan for resten av prosjektet. Eit slikt planløp krev at det vert akseptert ein større usikkerheit i kostnadsanslaga enn det vert lagt opp til normalt sett i KS2 etter plan på reguleringsplannivå (+/- 10 %). Det kan likevel vere fordelar med denne måten å utnytte entreprenøren sin kompetanse på, slik at totalkostnaden til slutt kan bli lågare og løysinga gjerne betre. Det vil og kunne gi eit noko raskare planløp.

Det alternative planløpet krev og at det vert arbeidd med førebuingar til KS2 parallelt til arbeidet med kommunedelplan. Det kan og vere mogleg å starta opp reguleringsplanlegging parallelt med KS2.

Kontaktutvalet sender eit brev til sentrale styremakter der dette alternative planløpet vert skissert.

Fram til no har det vore stor vilje til å finansiere planarbeidet, og førebels har dette ikkje stogga prosessen.

Det vart vidare presisert at nye kostnadsanslag som har vore i media om auka kostnader til ferjefri E39 har vore utarbeida på grunnlag av strekningsvise utgreiingar i NTP-arbeidet, og ikkje har vore kostnadsanslag frå planprosjektet for E39. Kostnader for E39 Stord-Os vert lagt fram saman med statleg plan på kommunedelplannivå.

Det vart vidare presisert at det er viktig med ein tett og god dialog, og at dei ulike aktørane som arbeider med E39 informerer kvarandre ved behov.